



## Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/20069-8

Dykkar referanse:  
19/356 - 19/26908

Vår dato:  
21.10.2019

### Uttale – Dispensasjon – Gnr 38 bnr 28 Hodne – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til korrespondanse med Lindås kommune.

Saka gjeld søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova for tiltak på gnr. 38 bnr. 28 og 71 ved Myking i Lindås kommune.



*Del av reguleringsplan Hellebrekka (1986)*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Uttale:**

Det er søkt om å rive eksisterande bustad og oppføre ny. Det er opplyst at dagens bustad har to brukseiningar, og det det same skal gjelde for ny bustad.

Eigedomen er regulert til landbruksføremål jf. godkjent reguleringsplan. Føresegnene til planen legg til rette for at regulert gangveg kan nyttast som tilkomstveg. Planen viser ei omlegging av offentleg veg som i dag er kommunal.

Eigedomen har i dag avkøyrsla frå fv. 5464 (tidl. Fv. 397). Fartsgrensa på staden er 40 km/t, og årsdøgertrafikk er 500. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*.

Vi meiner i utgangspunktet at avkøyrsla og tilkomstveg bør leggest om slik det er lagt til rette for i reguleringsplanen. Ei slik løysing vil mellom anna betre siktforholda i avkøyrsla. Vi legg likevel til grunn at eigedomen i dag har avkøyrsløyve for to bueiningar. Etter ei konkret vurdering er det ikkje behov for å søkje om nytt avkøyrsløyve.

Lindås kommune bør ikkje legge til rette ytterlegare bruk ut over dette, før avkøyrsla er utbetra i samsvar med plan.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeleiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*